


TILBYGG TIL BUSTAD

Søknaden vert sendt til:
Sogndal kommune
Postboks 153

6851 SOGNDAL

**ByggSøk**

Det blir tilrådd å bruke nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis, og du får rettleiing om utfylling undervegs. Ved å bruke ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden.

Størrelse og plassering av tilbygg avgjer sakstypen:

| | |
|---|--|
| <p>Søknad etter plan- og bygningslovens § 20-2:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Søknad blir sendt inn av tiltakshavar. • Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket følgjer gjeldande krav etter plan- og bygningslova. Bygningsstyresmaktene kan ved tilsyn be om dokumentasjon på korleis lova sine krav til konstruksjonstryggleik, brannvern og rømmingsforhold, universell utforming, planløsning, tryggleik i bruk, tekniske installasjonar m.v. er teke omsyn til. • Avstand til eigedomsgrense min. 4 m, eller skriftleg samtykke frå nabo. <p>Søknad i <u>1 eksemplar</u> skal innehalde (jf. SAK 10 § 5-4):</p> | <p>Eit enkelt tilbygg med samla bruksareal eller utbygd areal på inntil 50 m². Tilbygget kan i tillegg vere underbygd med kjellar.</p> <p>Kjellaren kan ikkje omfatte opphaldsrom og må ha himling mindre enn 1,5 m over planert terreng sitt gjennomsnittsnivå rundt bygningen.</p> <p>NB! Gjeld ikkje påbygg, som aukar volumet til bygningen i høgda. Påbygg må byggemeldast som ordinær søknad etter pbl § 20-1.</p> |
| Søknadsblankett utfylt slik at det viser korleis bygget oppfyller krav i plan- og bygningslov, forskrifter og reguleringsplan | NBR nr. 5153* |
| Kopi av nabovarsel. Naboar skal også varslast dersom det vert søkt om dispensasjon. Søknaden skal ikkje sendast inn før frist for nabomerknader er gått ut. | NBR nr. 5155 |
| Evt. merknadar frå naboar, med utgreiing for korleis desse evt. er teke omsyn til. | |
| Situasjonsplan. Kartet må vere av ny dato, og bestillast hjå kommunen. | |
| Teikningar og evt. utgreiing som viser korleis tilbygget oppfyller krav i plan- og bygningslov, forskrifter og reguleringsplan. Teikningane skal vere i målestokk, f. eks. M 1:100, av plan, snitt og fasadar. | |
| Evt. gjennomføringsplan dersom tilbygget omfattar våtrom, jf. SAK 10 § 2-2. | NBR nr. 5185* |
| Evt. søknad om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og kontrollerande for evt. våtromsarbeid | NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160* |
| Uttale eller vedtak frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.) | |
| Evt. søknad om dispensasjon*. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd grunnleggjande søknad, jf. pbl § 19-1 Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuell nabo. | |

*Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Sjå baksida ⇒



Norsk Kommunalteknisk Forening, NKF byggesak, Postboks 1905 Vika, 0124 Oslo
Tlf: 22 04 81 40 – E-post: nkf@kommunalteknikk.no – Internett: www.kommunalteknikk.no

TILBYGG TIL BUSTAD**Søknad etter plan- og bygningslovens § 20-1**

Søknad må sendast inn av føretak som kan godkjennast som ansvarlig søkjar.

Komplett søknad i 1 eksemplar skal innehalde (jf. SAK 10 § 5-4):


Alle større tilbygg, påbygg og ev. andre endringar, uansett storleik.

| | |
|--|--|
| Søknadsblankett inkl. ansvarsrett for søkjar | NBR nr. 5174*, 5175*, evt. 5151*, 5159* og 5160* |
| Bustadspesifikasjon Det er enno kommunane som har ansvaret for registrering i Matrikkelen, men ansvarleg søkjar blir oppfordra til å fylle ut blanketten for å bidra til ein meir effektiv sakshandsaming i kommunane og totalt sett i den einskilde saka. | NBR nr. 5176* |
| Kopi av nabovarsel. Naboar skal også varslast dersom det vert søkt om dispensasjon. Søknaden skal ikkje sendast inn før frist for nabomerknader er gått ut. | NBR nr. 5155 |
| Evt. merknadar frå naboar, med utgreiing for korleis desse evt. er teke omsyn til. | |
| Situasjonsplan. Kartet må være av ny dato, og bestillast hjå kommunen. | |
| Teikningar (planar, snitt og fasadar i målestokk, f. eks. M 1:100, og dokumentasjon av estetisk tilpassing) | |
| Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområde inndelt i godkjeningsområder og etter tiltaksklasser, kontrollområder, ansvarlige føretak og gjennomføring av oppgåvene. | NBR nr. 5185* |
| Søknad om ansvarsrett for prosjektarende, utførande og evt. kontrollerande med relevant dokumentasjon. | NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160* |
| Uttale eller vedtak frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.) | |
| Evt. søknad om dispensasjon*. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd grunnleggjande søknad, jf. pbl § 19-1 Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuell nabo | |

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Nokre råd om prosjektering av tilbygg**Historie**


- Husk at huset ditt har ei historie; det avspeglar den tidsepoke huset stammer frå, og området økonomiske og sosiale status.
- Historia til strøket er ein kvalitet i seg sjølv, og omsynet til arkitekturen til den eldre busetnaden og stil skal difor respekterast når ein endrar eller utvidar bygga.
- Til høgre er skisser av hustypar frå nokre ulike tidsepokar.

**Estetikk**

Tilbygg bør enten tilpassast slik at det oppfattast som ei vidareføring av det eksisterande, eller utformast slik at det framstår med eit heilt nytt arkitektonisk uttrykk.

Dersom den opphavlege arkitekturen til huset allereie er endra, kan tilbakeføring til opphavleg uttrykk vere ei spennande utfordring. Som hovedregel skal den opphavlege forma til huset kome klårt fram etter tilbygging.

Pynt og staffasje (falske sprosler, spanske buer etc.) bør unngåast - det enkle er ofte det beste. Material- og fargevalg blir tilpassa dominerande materialar (panel, belistning, vindusform o.l.) og fargar på eksisterande bygg.

**Når kan arbeidet ta til?**

Arbeidet kan ta til 3 veker etter at søknaden er motteken i kommunen dersom følgjande vilkår er ivareteke (jf. pbl § 21-7):

- Arbeidet er i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av pbl (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknader frå naboar eller gjenbuarar.
- Det er ikkje nødvendig med ytterligere løyve, samtykke eller uttale frå anna styresmakt.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga saksbehandlingsfrist, jf. SAK 10 § 7-3.

Dersom desse vilkåra ikkje er oppfylt, kan ikkje arbeidet ta til før det ligg føre skriftleg løyve frå kommunen. Det blir tilrådd å ta kontakt med kommunen før oppstart.

Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gitt bruksløyve eller ferdigattest.

